

REFERAT FRÅ ÅRSMØTE I VALLDAL BYGDEKVINNELAG

kl. 18 torsdag 5. november 2020 på Jordbærstova. 13 møtte.

Leiar Solveig Linge Stakkestad las to dikt og ynskte velkomen.

Det vart ikkje "Samlesong" i år på grunn av Covid-19.

ÅRSMØTESAKER

Sak 1 **Konstituering**

Innkalling og sakliste - godkjende utan merknad

Møteleiar - framlegg om Mette N. Valdal - samrøystes vald.

Referent - framlegg om Sunneva Linge - samrøystes vald.

To til å skrive under møteboka - framlegg om Vigdis D. Mork og Randi H. Heggen - samrøystes valde.

Sak 2 **Årsmelding for VBK og undergruppene v/ Solveig Linge Stakkestad**

Vigdis D Mork frå Kafegruppa og Randi H. Heggen frå Nyføddgåve fortalde også litt frå sine grupper.

Eva Muribø gav ros for stor aktivitet i laget sjølv om det var Koronatid.

Merknad: Påskehelsinga, ei skål med stemor til alle medlemer, var utegløymd. Årsmeldinga vart godkjend med denne merknaden.

Sak 3 **Rekneskap v/ Nelly Ytterli**

Inntekt kr 99493. Utgifter kr. 131241,41. Samla sum i banken kr 222373,24. Sansehagekonto kr.9783,20.

Fredagskafe kr 614. Boksal kr 800. Grasrotandel ca. kr 8200.

Momskompensasjon kr 6214. Kulturmidlar kr 3000.

VBk har sponsa m.a. Søndagsmiddag, Fjordhotellmøte, sommaravslutning, Helsesista, tettstadutvikling, Sansehagen, Lucas til ambulansen.

Mette Valdal støtta pengebruken, sjølv om laget brukte meir enn vi tok inn.

Vi har romsleg økonomi på grunn av Seterboksal.

Rekneskapen var godkjend av revisorane. og vart godkjend av årsmøtet.

Sak 4 **Arbeidsplan**

Kort orientering ved Bjørg S. Kleppe

Arka vart lagde ut på borda, medlemene kunne krysse av for det dei likte, og ev. leggje til noko . Arka vart samla inn seinare av styret .

Sak 5 **Kontingent**

Framlegg frå styret om uendra sats, lokalkontigent framleis kr 0.

Samrøystes vedteke.

Sak 6 **Saker frå styret/ medlemene/ open post**

Judith G. Krogh Kom med ynske om eit førjuls "Syng med oss" på stova til dei som bur i Trygdeavdelinga. Aktiviteten her er no stoltrim.

Sjukeavdelinga har "Syng med oss". Bjørg orienterte om "Hyggjestunder" på VTS. Det var søkt om pengar til dette, og dei tre avdelingane ynskte seg ulike aktivitetar. Eit ekstra "Syng med oss" krev sponning av VBK.

Sak 7**VAL v/ Turid Aspehjel frå valnemnda.**

STYRE	Solveig Linge Stakkestad leiar	2020 - 2021 attval
	Nelly Ytterli	2020 - 2022 attval
	Mette Marie Døving	2020 - 2022 attval
	Bjørg Sætren Kleppe	2019 - 2021 ikkje på val.
	Elin B. Smoge	2019 - 2021 ikkje på val.
1.vara:	Sunneva Linge	2020 - 2021 attval
2.vara:	Eva Bergdahl Muribø	2020 - 2021 attval
3.vara:	Mette Natland Valdal	2020 - 2021 attval
4.vara:	Else Rødal	2020 - 2021 attval

KAFEGRUPPE Vigdis D. Mork, Liv Eldri Båtnes, May Berli, Bodil Døving
2020 - 2021

TUR OG AKTIVITETSGRUPPE

Bjørg Sætren Kleppe (Styret) 2020 - 2021
Petra Jemtegård, Gerd Myren Hoel 2020 - 2022

HEIMESIDE Judith G. Krogh 2020 - 2021

SANSEHAGEN Judith G. Krogh, Else Rødal 2020 - 2021

SYNG MED OSS Astrid Bakke Andersen 2020 - 2021

NYFØDDGÅVE Randi Hole Heggen 2020 - 2021

REVISORAR Kristin V. Hjelme, Mette N. Valdal 2020 - 2021

VALNEMND Turid Aspehjel 2018 - 2021
Signe Brenna 2019 - 2022
Gerd Myren Hoel 2020 - 2023

Alle vala var samrøystes.

MAT: Karbonadesmørbrød og eplekake - svært godt.

Prøysenforteljing lesen av Bjørg under middagen.

KVISS v/ Mette. Signe og Turid vann trekninga om premien.

TREKNING v/ Nelly. Styret m/vara stod for gevinstane denne kvelden.

LEFSEKURS orientering v/Nelly. Det blir potetlefsekurs.

ADVENTSKALENDER frå fylket Orientering v/ Nelly.

Medlemer kjøpte med seg kalendrar heim., kr 100 pr. kalender.

70 ÅRS HELSING - blommar og vers til Vigdis D. Mork v/ Solveig.

Nelly har også fått blomhelsing nyleg. Ho takka for det.

Så var det TAKK FOR I KVELD og vel heim. Kjekt å møtast !

Sunneva Linge skrivar